



Haugen VVA AS
Kanalveien 5
5068 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/7972 - 22/20739

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
14.03.2022

Mellombels bruksløyve teknisk infrastruktur byggetrinn 3 - gbnr 137/185 og 137/803 Alver

Administrativt vedtak: Saknr: 274/22
Tiltakshavar: Sommerro Panorama AS
Ansvarleg søkjar: Haugen VVA AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for veg, vatn og avløp i byggetrinn 3 godkjend i administrativt vedtak saknr. 658/20 datert 30.06.2020 på gbnr 137/185 og 137/835 m.fl. på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.
2. Ferdigstest skal liggje føre innan 15.06.2022.

Ansvarleg søkjar har ordna med nødvendig sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 30.06.2020.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Gangveg o_GV2
2. Trykktesting og desinfisering av vassleidning mellom vasskum V5 – V7.
3. Overlevering av offentleg VVA-anlegg til Alver kommune

4. Røyrleggarmelding for omkopling av spillvassleidning frå gnr 137 bnr 38, 58, 72, 76, 107, 477 og 487.

Ansvarleg sækjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til 15.06.2022.

Det vert elles vist til søknad mottatt 23.02.2022.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket.

Skildring

Adresse:	Kubbaleitet
Bygningstiltak:	Teknisk infrastruktur i byggetrinn 3, dvs. komplett anlegg for veg, vatn og avløp fram til bustadområde BB2, BB4 og BB5 <ul style="list-style-type: none">• Veg o_V3 profil 305-505• Parkeringsplass f_P2• Gangveg o_GV2 profil o-10• Kum S16 – S19 i veg o_V3• Kum S19 – S20 til byggetrinn 4 og felt BB5• Vassleidning frå kum V7 i veg o_V3• Kum O19-O21 i veg o_V3 og O50-O51 i parkeringsplass f_P2
Vatn og avløp	Kommunalt

Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/7972

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Haugen VVA AS
Sommerro Panorama AS

Kanalveien 5 5068
Osterfjordvegen 124 5914

BERGEN
ISDALSTØ